

**Vedtaksorgan** Formannskapet

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  |  |
|--|--|--|

## Løypemelding - Økonomistatus drift - Juli 2026

### Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet tek saka til orientering.

### Saksutgreiing


#### Bakgrunn for saka

Jf. kommunelova §14-5 skal kommunedirektøren minst to gonger i året rapportere om utviklinga av inntekter og utgifter sett opp mot det vedtekne årsbudsjettet.

Denne saka er eit supplement til tertialrapportane, og gir ei løypemelding per 31.07.2026 for rekneskap og prognose for året.


#### **Førebels driftsrekneskap (per 31.07.2026):**

## Løn (eks. sosiale kostnader) – for heile kommunen samla:




På løn (eks.sosiale kostnader) syner akkumulert rekneskap per utgangen av juli 2026 at vi ligg kr 3,5 millionar over periodisert budsjett. Dette skuldast hovudsakeleg etterbetaling av lønsjustering med verknad frå og med 1.mai (sentrale lønsforhandlingar). I opphåveleg budsjett er det sett av kr. 10,8 millionar + sosiale kostnader knytt til lønsoppgjøret for 2026. Dette er budsjetttert på sentralt ansvar og førebels ikkje periodisert eller fordelt ut på einingane.

## Status sjukefråvær – for heile kommunen samla:




Totalt sjukefråvær per utgangen av juli er 7,17 %. Dette er ei betring frå same periode i fjor (7,57 %). Juli vart ein månad med svært lågt sjukefråvær på helse, noko som har medført ein god sommarferieavvikling i sektoren. Dette er gledeleg.

## Utgifter (eks.mva) – for heile kommunen samla:



Per utgangen av juli er akkumulert rekneskapet heilt i tråd med periodisert budsjett.


## Inntekter (eks.mva) – for kommunalområda:



Per utgangen av juli er har vi på kommunalområda eit positivt avvik på kr 9,2 millionar mot periodisert budsjettet på inntektssida. Dette er hovudsakleg periodiseringsavvik som vil verte forsøkt retta før tertialrapporten.

Den største usikre posten er knytt til refusjon for særleg ressurskrevjande tenester, og om vi får busett det talet flyktingar som vi har budsjettert med. Det er budsjettert med busetting og mottak av integreringstilskot for 25 flyktingar i 2026. Det var lite busetting første halvår, men det kjem ein del no etter ferien.

## Inntekter (eks.mva refusjon og skatt på inntekt/formue) – sentrale postar:



Dersom vi ser på den akkumulert rekneskapen for alle sentrale inntekstpostar (eks. skatt på inntekt/formue og mva.refusjon) syner rekneskapen per utgangen av juli at inntektene er kr. 1,6 millionar høgare enn periodisert budsjett. Det vert jobba vidare med prognosar på disse postane fram mot tertialrapporten.

### Oppsummering:

Prognosen på noverande tidspunkt er at vi ligg i rute til å halde oss innanfor dei vedtekne rammene i revidert budsjett. Per utgangen av juli held vi difor prognosen frå første tertialrapport uendra. Dersom dette skulle slå til betyr det at vi må nytte kr. 2,4 millionar av disposisjonsfondet i 2026.

Det er framleis ein del postar det knyter seg stor usikkerheit til. For dei sentrale postane er det alltid ein usikkerheit knytt til korleis rammetilskot og skatteinntekter (inkl. utjamning) hamnar ut for året totalt sett. I år er dette særskilt usikkert på grunn av omlegginga av skatteutbetalinga som medfører at vi ikkje kan sjå til rekneskapet førre år for samanlikning. I prognosa er siste tilgjengelege prognosemodell frå KS lagt til grunn.

I tillegg er det usikkerheit knytt til størrelsen på tildelinga frå Havbruksfondet (budsjettet med kr 4 millionar 2026). Dette vert kjent seinare i haust, men truleg ikkje før andre tertialrapport vert utarbeidd.

Saka knytt til den økonomiske sitausjonen hjå Breimsbygda skisenter er også ein usikker post for kommune (ref. eiga sak) som ikkje er hensyntatt i prognosa per utgangen av juli 2026.

For tenesteområda er det også nokre større usikre postar. Blant anna om vi vil klare å få full effekt av innsparingstiltaka på oppvekst no når kabalen for haust-semesteret er lagt, om kostnadane forbundet med overtaking av Bakkelidgrenda barnehage vil havne på same nivå som driftstilskotet. Dessutan kan utviklinga i bruk av vikarar/overtid innanfor helse nemnast særskilt. Prognosane for desse vil det bli jobba vidare med fram mot tertialrapporten.

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Samla sett syner rekneskapen at vi ligg i rute til å halde revidert budsjett per utgangen av juli 2026. Det medfører at vi ligg an til å bruke av disposisjonsfondet, og med det at vi heller ikkje for 2026 vil nå dei finansielle måla knytt til driftsresultat og storleik på disposisjonsfondet sett opp mot brutto driftsinntekter.

### **Vurdering opp mot planverk**

Dersom prognosen for året held seg uendra, vil det som tidlegare medføre eit svakt negativt avvik opp mot økonomiplanen og det opphavelge årsbudsjettet. Innsparingstiltaka som ligg i vedteken økonomiplan er derimot i stor grad i rute. Status på disse vert framlagt i andre tertialrapport.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Basert på rekneskapen per 31. juli vurderer kommunedirektøren at Gloppen kommune samla sett ligg i rute til å halde dei økonomiske rammene i revidert budsjett. Prognosen frå første tertialrapport vert difor halden uendra. Det inneber eit forventa negativt netto driftsresultat på 2,4 mill. kroner i 2026, som etter gjeldande prognose må dekkjast ved bruk av disposisjonsfondet. Det vert jobba vidare med prognosane fram mot andre tertialrapport.

Rekneskapstala per juli viser enkelte positive avvik samanlikna med periodisert budsjett. Desse kan likevel ikkje utan vidare reknast som varige innsparingar eller meirinntekter. Ein vesentleg del skuldast tidspunktet for når inntekter og utgifter er budsjetterte og rekneskapsførte (periodiseringsavvik). Dette gjeld mellom anna lønsoppgjeret, der midlane førebels står sentralt og ikkje er fordelte på tenestoområda, samt for delar av inntektene på kommunalområda. Desse avvika vil så langt som mogleg verte korrigerte fram mot andre tertialrapport.

Det er positivt at kommunen så langt har unngått bruk av vikarbyrå, og at sjukefråværet er noko lågare enn på same tidspunkt i fjor. Samstundes står det att fem månader av året, og utviklinga i sjukefråvær, vikarbruk og overtid – særleg innan helse og omsorg – kan framleis få vesentleg innverknad på årsresultatet.

Det er òg fleire andre usikre forhold i prognosen. På inntektssida gjeld dette særleg skatt og rammetilskot, utbetalinga frå Havbruksfondet, refusjon for særleg ressurskrevjande tenester og integreringstilskot knytt til busetting av flyktningar. På utgiftssida er det mellom anna usikkert om innsparingstiltaka innan oppvekst får full effekt, og kva nettokostnaden ved overtakinga av Bakkelidgrenda barnehage vert. Moglege økonomiske konsekvensar knytte til Breimsbygda skisenter er ikkje innarbeidd i prognosen.

Kommunedirektøren vil som tidlegare følgje utviklinga tett og leggje fram ei oppdatert og meir fullstendig årsprognose i andre tertialrapport. Kommunedirektøren rår formannskapet til å ta saka til orientering.